

Årsmelding for Kvam mållag 2017

Styret har vore:

Håvard Gjerde, leiar

Ingunn Hildonen Teigland, nestleiar

Nils Drage, kasserar

Turid Bang, skrivar

Dag Rune Mo, verveansvarleg

Vara:

Johannes Heradstveit

Karsten Valland

Valnemd:

Johannes Heradstveit

Mali Grete Aksnes

Lars Børve

Aktivitetar

- **Styremøte:** Det har vore tre styremøte i perioden. Sakene som er handsama er prosjektet «Ord og uttrykk i Kvam», barnehagekampanje, LittLarm, Sauposium, Lamposium, verving og økonomi.
- «La oss ta den blå himmelen med storm». Poesi-konsert på Kabuso med Oddveig Klyve, Erlend Apneseth og Stephan Meidell. Samarbeid med Kabuso.
- Fylkesårsmøte på Voss 11.- 12.03: Johannes Heradstveit var utsending.
- Barnehagekampanje: Styret har førebudd ny kampanje i 2018, med utdeling av bøker og høgtlesing ved Merethe Gauden
- Soldal litteratursauposium 2017 vart avvikla fredag 10. mars i Skogheim på Soldal. Forfattaren var Hilde Myklebust, som samtalte om boka si *Glødepunkt*. Det var 39 fram møtte, av dei 25 innbetalande. Teklang stod for musikalske innslag. Som vanleg

var det basar med gilde vinstar, og quiz med oppbyggjelege tema. Stemninga var svært god.

- Soldal litteraturlamposium vart skipa til laurdag 11. mars, i floren til Soldalssmale. Diverre måtte forfattaren, Hilde Myklebust, melda fråfall like før arrangementsstart, på grunn av sjukdom. Lamposiumet vart likevel gjennomført, og må seiast å ha vore ein suksess. Om lag 50 frammøtte. Det var grilling, sal av vafiar, tur for å finna Turbo, diktverkstad og lesestund med dikt av Hilde Myklebust, frå diktsamlinga Bjørkebokstavar. Ingunn tok høgtlesinga, i fråveret til Hilde. Tilskipinga var eit samarbeid mellom Kvam mållag, Soldalssmale og Kvam turlag.
- Gamle ord og uttrykk i Kvam. I samarbeid med Mibet Skutlaberg har det vore laga søknadar om stønad til prosjektet. Stønad har komme inn og tenester har vore kjøpt av Språkonsulentene. Arbeidet held fram i 2018

Medlemmar

Me hadde 82 betalande medlemmar i 2017. To fleire enn året før.

Økonomi

Me har eit årsresultat på 26 480. Hovuddelen av dette er Innkomne midlar øyremarka til prosjektet «Gamle ord og utrykk frå Kvam», men sett vekk frå desse midlane har me likevel eit positivt resultat på vel 10 000 kr. Kvam mållag har ein stor eigenkapital og driv ikkje med langsiktig sparing, derfor har me stort økonomisk spelerom i 2018.